



FORNYBAR

ÅRSMELDING 2012

INNHold

03	Om SKL	18	Produksjon
05	Konsernsjefen	26	Nett
07	Dette er 2012	30	Årsmelding
08	Hovudtall	40	Hovudtal 2008-2012
10	Fornybart, men ikkje utømmeleg	41	Resultatrekneskap
11	Mange bekkar små...	42	Balanse
12	Fornybar kompetanse	45	Kontantstraumanalyse
13	Fornybare opplevingar	46	Notar
14	Selskapsstruktur og organisasjon	72	Nøkkeltall
16	Marked	73	Revisors beretning



VASSKRAFT ER SOM CHAMPAGNE

Ei så god og edel vare søler du ikkje vekk. Sjølv om me har god tilgang på dei edle dråpane, må ein forvalta dei på best mogleg måte og gjerne spara litt på godsakene når ein har høve til det.

FRÅ EDLE DRÅPAR TIL REIN ENERGI

Det vert aldri meir eller mindre vatn på jorda. Vassmengda er alltid den same! Men vatnet sirkulerer, det skiftar form og er i rørsle heile tida. Vatn vert til damp som stig opp til skyene. Der vert det nedkjølt, festar seg til små partiklar i atmosfæren og kondenserer til dråpar. Dråpane fell ned på jorda som regn. Vatn vert brukt, og gjenbrukt igjen og igjen. Dette kretsløpet stoppar aldri. Vatn kan utnyttast. Krafta i vatnet kan verte til vasskraft. Vasskraft er vår viktigaste fornybare energikjelde.

**VASSKRAFT ER FRAMTIDA.
SKL ER MED PÅ REISA.**



DETTE ER SKL

SKL (Sunnhordland Kraftlag AS) har vore eit vertikalt-integrert energiselskap med omfattande aktivitetar i regionane mellom Stavanger og Bergen, og har som visjon å vera eit kraftsenter for framtidsetta energiforsyning.

I 1953 sette SKL i drift det første aggregatet i

Blådalsvassdraget i Kvinnherad, og med det vart det lagt eit svært viktig grunnlag for utvikling i regionen. I dag er heile samfunnet bygd kring ei sikker tilførsle av straum, og frå ein regional ståstad er det selskapet si målsetjing å framskaffa ny kraftproduksjon og vidareutvikla ein konkurransedyktig struktur og kvalitet innan energidistribusjon.

FORNYBAR ENERGI OG NETTUTVIKLING

For meir enn ti år sidan valde vi ein strategi i SKL med målsetjing om å vera eit energikonsern i heile verdikjeda. Dette var ein krevjande strategi, men som vi i all hovudsak har lykkast med. Kva så når vi skal sjå nye ti år fram i tida? Kva er då rett for SKL? Skal vi halda fram i same sporet, eller skal vi endra kursen?

Vi har i 2012 hatt ein grundig gjennomgang av SKL sine mål- og strategiar. Konklusjonen er ei sterkare spissing av konsernet sine aktivitetar med hovudfokus på fornybar energi og leveringstryggleik som grunnlag for verdiskaping og utvikling. Omsett i aktivitetar betyr det først og fremst vekst innan vasskraft og nettutvikling.

Vi skal i denne samanheng ikkje gløyma dei andre forretningsområda som breiband, IKT og naturgass, som vi og har utvikla dei siste åra. SKL skal bidra til at også desse områda fortsatt får ei god utvikling, men vi ser at dette med større suksess kan skje i samarbeid med andre aktørar som har desse områda som sine primæraktivitetar.

Kvifor så denne omlegginga når vi i all hovudsak har lykkast med våre satsingar? Vi må nok erkjenne at eit konsern på SKL sin storleik ikkje kan vera gode innan heile verdikjeda. I tillegg står vi føre store investeringar som vil vera svært kompetanse- og kapitalkrevjande. Ut frå dei moglegheitene vi ser i framtida, må vi sjå korleis vi kan nytta vår styrke for å auka verdiskapinga i SKL til beste for eigarane, tilsette og regionen.

Når vi no har gjort våre val, føler eg at vi står på trygg grunn med det vi sjølv rår over. Framtidsbiletet for vår bransje er likevel svært uklart på



*KONKLUSJONEN ER EI
STERKARE SPISSING
AV KONSERNET SINE
AKTIVITETAR MED
HOVUDFOKUS PÅ
FORNYBAR ENERGI*

MAGNE HEIMVIK - KONSERNSJEF

mange område. Kva blir resultatet av den store fornybarsatsinga? Kva skjer på forbrukarsida, innan nettutvikling, kablar til utlandet, kjernekraft i Europa, alternative brenselprisar og elles innan makroøkon-omien? Alt dette og meir til er med å påverka den største drivaren for vår verdi-skaping – kraftprisen. Kva skal vi tru om den i åra som kjem?

Vi kan gå nokre spennande år i møte, men vår grunnleggjande tru på verdien av fornybar energi gjer at vi framleis tør å satsa på dette området. Då gjeld det både å koma i posisjon på ny regulerbar vasskraft og utvikla nett slik at vi når marknaden.

Vi må vera førebudd på store prisvariasjonar og låge prisar på krafta, spesielt dei første 8 – 10 åra. Det heng saman med tilhøva eg nemnde ovanfor. Frå 2010 til 2012 har kraftprisane i vårt området falle med om lag 20 øre/kWh til om lag 22 øre/kWh. Dette er utfordrande for SKL med våre store investeringsplanar dei næraste åra. Dette ser vi også att i årets resultat som er det dårlegaste vi har hatt på svært mange år. Årets tall er i tillegg og eit resultat av at vi har valt å skriva ned investeringar vi har gjort innan offshore vindkraft.

Ei satsing som har vist at det kanskje er lurast å halda seg til det ein veit noko om.

Men vi må sjå opp og fram. Vi har igjen identifisert nye moglegheiter i Blåfalli som kan gi håp om både ny magasinkapasitet, betre reguleringskapasitet og meir energi. Kombinasjonen av dette kan vera eit av svara på korleis vi kan verdiauka vasskrafta som den fornybare energien ho er.

Etter nær tre års dialog, har vi saman med andre samarbeidspartnarar i Vestlandsalliansen, inngått ein intensjonsavtale med Statkraft om mogeleg kjøp av deira aksjar i BKK. SKL er den største aktøren med ei målsetjing om å kjøpa 34 % av aksjane i BKK. Dette er ei svært ambisiøs målsetjing for eit selskap på vår storleik, men viser både vilje og evne som ligg hos våre eigarar til å satsa på SKL. Eit slikt kjøp passar «som hand i hanske» med våre strategiar med fokus på langsiktig god avkastning – skapa verdier for eigarane, og auka eigarskap til fornybar vasskraft.

DETTE HENDTE I 2012

	PRODUKSJON	NETT	MARKED
APR	<p>Dei fyrste arbeidsfolka vert flogge inn i fjellet for å arbeida på inntak til Eikemooverføringa.</p>		
MAI	<p>Gammal teknologi vert ny, taubane vert teken i bruk på Aksland. Dette sparer naturen for mykje.</p>		<p>SKL inngjekk avtale med Skangass om levering av naturgass. Skangass er eit selskap i Lyse konsernet som SKL også har avtale med gjennom Altibox. Leveranseavtalen på naturgass er på tre år.</p>
JUN	<p>Mottatt konsesjon på Gjønelva Kraftverk i Fusa kommune 9GWh.</p>		
JUL	<p>Ny rekord i vasstunnell boring.</p>		<p>SKL har også tatt på seg rolla som grøn aktør i samband med utrulling av el-bil i Norge. Vi har i samarbeid med Hordaland fylke og Transnova bygt ut hurtigladestasjon for el-bil i tilknytning til fyllestasjonen for naturgass som SKL har på Heiane.</p>
AUG		<p>Idriftsetjing, ny 66/22 kV transformator (25 MVA) på Ekornsæter Distribusjonsnett – Heiane Vest.</p>	
SEP	<p>Foring av borehol på Eitro fullført. Verdsrekord, 740 meter med røyr og 110 tonn.</p>	<p>Slutføring av 300kV transformator- og koplingsanlegg, Midtfjellet og Børtveit.</p>	<p>Etablert ny fiberforbindelse til Midtfjellet i samband med utbygging av vindmølleparken. Den nye trassen frå Grov til Børtveit er forlagt i jord medan strekninga frå Børtvet til Midtfjellet er luftkabel i høgspennetnettet.</p>
OKT	<p>Revisjon av kuleventil i Eikelandsosen, omfattande vedlikehaldsarbeid for å halde anlegget i god stand.</p>		
NOV		<p>Oppføring av nytt bygg og nytt 22 kV koplingsanlegg, Ølen transformatorstasjon, utført.</p>	
DES	<p>Rekordstor aktivitet på småkraft, ferdigstilling av 3 samtidig, samt 1 i arbeid.</p>	<p>Samarbeidsavtale , med Statnett og BKK om oppgradering av sentralnettet mellom Samnanger og Sauda.</p>	<p>For å møte dei stadig strengare myndighetskrav samt krav til eigen sikkerhet og oppetid er det bygd ut eit redundant datasenter på Stord Trafo i tilknytning til datasenteret på SKL bygget. Dette er også knytt saman med eit fibernet i heile regionen.</p>

HOVUDTALL 2012 I MILL. KR

795
OMSETNING

279
DRIFTSRESULTAT

80
ÅRSOVERSKOT
ETTER SKATT

8,5%
TOTALRENTABILITET
(RESULTAT FØR RENTEKOSTNADER I % AV TOTALKAPITAL)

60
UTBYTE

3141
TOTALKAPITAL

1264
EIGENKAPITAL

134
ÅRSVERK
PR 31.12

52,3%
LIKVIDITETSGRAD 1
(OMLØPSMIDLER I % AV KORTSIKTIG GJELD)

40,3%
SOLIDITET
(EIGENKAPITAL I % AV TOTALKAPITAL)

17,6%
EIGENKAPITAL-
RENTABILITET FØR SKATT
(RESULTAT FØR SKATT I % AV GJ.SN. EIGENKAPITAL)

HISTORIER OM 2012



FORNYBART, MEN IKKJE UTØMMELEG

Vatn er ein føresetnad for alt liv, og det naturlege kretsløpet til vatnet, utgjør ei av jorda sine viktigaste eigenskapar. Kortsiktig bruk av vassressursane er ein fellesnemnar for fleire av verdas store miljøproblem. Sjølv om vi i Noreg har rikeleg med vatn, meir enn dei fleste, må også me ta desse problema alvorleg.

I Noreg har me stor tilgang på vatn. Og i vår region er dette etter mange si mein- ing meir enn nok. For oss er vatnet ei velsigning, og ein føresetnad for vår drift og vår velstand.

Bratte fjell og mykje nedbør gjer oss til ein naturleg vasskraftregion. Med velutvikla teknologi og menneske med mot og kunnskap, er me i stand til å ta godt vare på den energien som vatnet ber med seg. Vi har lange tradisjonar for å bruke denne fantastiske og fornybare kjelda:


I Noreg er 95 prosent av all kraft- produksjon vasskraft.

Hos oss er vatnet tilgjengeleg, reint og rikeleg. Måten vi handterer vatnet på, er både smart og miljøvenleg.

Dammane våre er nærmast evigvarande magasin, og tunellane vi fraktar vatnet til turbinane gjennom, ein del av naturen sjølv. Vasskraft er ei klimavenleg energikjelde. Vasskraftproduksjonen har

ikkje klimagassutslepp til luft, og i ei tid der dette er ein av våre største, globale miljøutfordringar, er dette ein svært viktig eigenskap. På denne måten bidreg me til å motverke global oppvarming og til å avgrense bruken av energiresursar som ikkje er fornybare. Med vår kunnskap er vi også i stand til å bygge kraftverk som både visuelt og teknisk tar natur og miljø på ramme alvor. Vår ambisjon er å gå varsomt fram.

SKL eig og driv åtte kraftstasjonar i Kvinnherad, Fusa og Stord kommune, og har eigarandel i Sima kraftanlegg i Eidfjord, og AS Saudefaldene i Sauda. 80 prosent av kraftproduksjonen kjem frå Blådals- vassdraget i Kvinnherad, og nesten halvparten av tilsiget kjem frå Folgefonna. Denne breen er ein viktig utjamningsfaktor som gjer oss i stand til å produsere kraft også i periodar med lite nedbør.



HISTORIER OM 2012

MANGE BEKKAR SMÅ...

SKL har eit omfattande småkraftengasjement. Seks mann jobbar på heiltid for å utvikle fleire.

Vestlandet er som skapt for vasskraftproduksjon. Her ligg lågtrykka i kø frå Nordatlanteren før dei kjem inn over land og slepp nedbøren over oss. I ein natur med stupbratte fjell og kort veg frå fonn til fjord, med naturlege groper for lagring av vatn, og ville fall langs fjellsidene, er det rom for å tenkje vidare. Småkraftprosjekt har vorte ein viktig del av engasjementet vårt, og me har ein god stab som har dette som ein viktig del av jobben sin. Utvikling av småkraftverk er ei framtidsretta og viktig vidareutvikling, i tråd med visjonane våre, og i pakt med ambisjonane våre. Me samarbeider med fleire ulike kraftlag for å finne passende stader, og forhandlar om fallrettar og søker konsesjonar på meir enn 30 prosjekt.



FORNYBAR KOMPETANSE

Rekruttering er viktig for fornying og kompetansepåfyll. Dei menneskelege ressursane er uendelege. Me skal trekke til oss dei beste. For me vil vekst og utvikling.

Det me kan, kan me godt, og me gjer det på den beste måten me kan. Likevel er me på evig jakt etter dei som kan gjere det enda betre. Dei som veit noko me ikkje veit og som kan få til det me ikkje er i stand til. Å rekruttere er både å vedlikehalde og å utvikle. Kunsten å sjå rundt eit hjørne og bak neste sving er meir enn å drive med spådomar. Ved å rekruttere medvite kan me vere med på å styre utviklinga frå eige hus og eigen organisasjon.

Me som er her kan lære og utvikle oss vidare. Dei som kjem kan tilføre ny kunnskap. Slik vert alle betre, og det er det me vil, både som menneske og organisasjon.

Me ser etter talenta der dei er. Enten allereie i arbeidslivet med synlege resultat, eller på lærestadane med fersk, ny kunnskap. Me kan rekruttere dei beste menneska. Og gjer det. Men me kan også tileigne oss kompetanse gjennom oppkjøp og strategisk samarbeid med andre.

Me gjer det også. SKL er eit selskap med solide tradisjonar, god økonomi og langsiktig målsetting. Det gjer at me kan tilby spennande, utviklande, og ikkje minst trygge arbeidsplassar til flinke folk.



FORNYBARE OPPLEVINGAR

Me i SKL ynskjer å gje noko attende til det samfunnet me er ein del av. Ved å gje av vårt overskot til idrett og kultur er me med på å oppretthalda sunn aktivitet, og sikre gode opplevingar for innbyggjarane. Synergieffekten er at viktige verdiar får spelerom, og at menneske får blomstre i sitt eige lokalmiljø. Det er med på å sikra eit levende, positivt og aktivt samfunn!

SKL legg vekt på at Sunnhordlandsregionen skal vera ein god stad å bu. Difor er det oppretta eit omfattande sponsorsamarbeid med lag og organisasjonar i heile regionen. Omlag 1,5 millionar kroner vert distribuert tilbake til lokalsamfunna på denne måten.


Heilt sentralt i desse aktivitetane står arbeid med barn og ungdom. Sponsorsamarbeidet femner vidt, frå tradisjonelle idrettsaktivitetar til kultur og musikk. Målet er at tiltaka skal nå så mange som råd. Dette kjem mellom anna til uttrykk i samarbeidet med Friluftsrådet Vest, ein organisasjon som gjennom aktivitetar i heile regionen, jobbar for at det skal vere enkelt å nytta dei store naturrikdomane me har her i Sunnhordland.





2011-2012

SELSKAPSSTRUKTUR OG ORGANISASJON



AKSJONÆRFORHOLD

SKL har tradisjonelt vore, og er enno,eit regionalt eigd selskap. Etter kapitalutvidinga mot Haugalandet i 1951 var aksjonærforholda uendra i 45 år, fram til utgangen av 1996. Då kom BKK inn på eigarsida etter kjøp av aksjepostar.

Det er ikkje forkjøpsrett til aksjane,men overdraging krev styret sitt samtykke.

STYRET


Styret har 8 medlemmer. 5 blir valde av generalforsamlinga, Hordalandfylkeskommune oppnemnar 1 og dei tilsette vel 2.

ADMINISTRATIV ORGANISERING

Fokus på resultatkrav og tilrettelegging for ei meir team- og prosjektrelatert arbeidsform innan alle område har vore sentrale føringar for SKL si overordna organisering. Dei siste åra har selskapet fått tilført mykje god kompetanse,samtidig som det ligg utfordringar i å auka talet på tilsette i slikt omfang som det er gjort dei siste åra. Det set store krav til leiarkompetanse,organisasjons- og personalutvikling, gjennomføringsevne og tilrettelegging for eit godt arbeidsmiljø.

Frå 1. januar 2009 vart selskapet konsernorganisert med eitt morselskap og tre dotterselskap, eitt for kvart av forretningsområda produksjon, nett og marked.

AKSJONÆR	AKSJETAL	PROSENT AV AKSJANE
Haugaland Kraft AS	1340	40,5
BKK AS	1106	33,4
Finnås Kraftlag SA	332	10,0
Tysnes Kraftlag SA	165	5,0
Fitjar Kraftlag SA	111	3,4
Fjelberg Kraftlag SA	98	3,0
Skånevik Ølen Kraftlag SA	85	2,6
Stord kommune	70	2,1
Sum	3307	100



SKL MARKED

NØKKELTALL 2012

60%

hitrate i utbygde
område for breiband

12000

kundar innen nett, naturgass
og breiband

SKL MARKED

BREIBAND

SKL sin breibandsutbygging i Stord kommune har gjennom året halde same høge tempo som tidligare år. Det er i dag over 4000 private og bedrifter som er knytt opp til det fiberbaserte kabelnettet.

Gjennom fiberen leverer SKL innhaldstenester frå Altibox på internett, telefon, TV, alarm og videoleige.

Då arbeidet med breiband starta i 2005 var målet å nå dei aller fleste av innbyggjarane i kommunen.

Dette målet er nå mest i hamn og vi har i dag over 60 % dekning av eit kundepotensiale på over 7000.

Hovuddelen av utbygginga er ferdig og berre mindre område står igjen.

Drifta av SKL breiband går svært bra både teknisk og økonomisk sett.

Den tekniske løysinga som Altibox konseptet er bygd opp på i regi av Lyse, byggjer på stabile og framtidsretta løysingar.

Talet på årsverk i breiband er 5.

IKT

Hovudområdet til IKT er å levera og drifta fjernkontroll og administrative system for SKL konsernet.

I tillegg har IKT ei forretningsmessig satsing av IKT-leveransar og tenester til energiverk i heile Norge.

Dette er leveransar av kunde- og kartinformasjonssystem (KIS og NIS), Internett, økonomi, løn osv.

Samarbeidet med Kambe AS, som er utviklar av løysningar til energi-bransjen, har også ført til auka forkus på den totalleveransen SKL kan tilby.

Denne satsinga gjer at IKT i dag har over 30 energiverk som kundar, mange med avtaler på 10 år.

Talet på årsverk i IKT er 8.

NATURGASS

SKL naturgass har no eit ferdig utbygd røyrnett for transport av naturgass frå tankanlegget på Eldøyane ut til kundane. Kundemassen er aukande og stadig fleire bedrifter ser gevinst i bruk av naturgass.

Naturgass er eit miljøvenleg og rimeleg energialternativ vert nytta til oppvarming og i produksjon.

Kværner Stord som den klart største kunden har i løpet av året bygt om ein god del av propannettet over til naturgass. Auken tilsvarar mellom 3,5 og 4 GWh.

Som ein konsekvens av stor aktivitet hjå Kværner samt fleire andre nye bedrifter er det stor auke i forbruk for desember 2012 mot tidligare år.

Forbruket tilsvarar normalforbruk til 3000 einebustader.

Uttak på CNG fyllstasjon for personbilar har hatt ein fin stigning utover året. Posten har bytt ut fleire av sine bilar til bilar som går på naturgass.

Talet på årsverk i naturgass er 2.

KUNDE /DLE

Kundedivisjonen har som hovudaktivitet å ivareta konsernet sine kunderetta oppgåver samt drift av sentralbord og resepsjon.

Avdelinga er SKL sitt ansikt ut mot kunden og derfor ei viktig brikke i konsernet. Servicegrad på kundetelefonen for året er svært god og samarbeid med andre eksterne kundar er positiv.

Styresmaktene har tydeleg signalisert at ein vil auka innsatsen for eltryggleik. SKL har i dag avtalar med 7 ulike nettselskap i regionen og vi ser eit klart potensiale å tilby våre tenester på dette området til fleire nettselskap i regionen.

Kundedivisjonen tilbyr også kunderetta tenester til andre energiverk og har kundar i og utanfor regionen.

Talet på årsverk i kundedivisjonen er 7.



SKL PRODUKSJON

NØKKELTALL 2012

1786

GWh samla
kraftproduksjon

23,4

øre gjennomsnittleg
systempris

KRAFTPRODUKSJON OG KRAFTOMSETNING

ORGANISERING

SKL Produksjon AS har som si hovudoppgåve å syte for at produksjonsanlegga er tilgjengelege og operative når marknaden krev det, i tillegg til at ein er ansvarleg for produksjonsplanlegging, kraftomsetning og overordna ansvar for tilgang på og utvikling av kraftressursar.

GENERELT OM KRAFTANLEGGGA

Midlare kraftproduksjon er rekna til 1627 GWh medrekna konsesjonskraft. Omlag 86 % av produksjonen skjer i heileigde kraftverk,

medan resten kjem frå Sima kraftverk i Eidfjord kommune, kor SKL etter avtale med Hordaland fylkeskommune har kjøpt og utøver retten til 8,75 % av driftsklar maskinkapasitet, tilsig og utbygd magasinkapasitet. 2 småkraftverk er sett i drift pr. 31.12.2012 og 4 under bygging skal setjast i drift i løpet av våren 2013.

Dei heileigde kraftverka ligg i Matre i Kvinnherad kommune (Blåfalli), Eikelandsosen i Fusa kommune, Børtveit og Lundseter i Stord kommune.

Alle SKL sine kraftverk har konsesjon utan heimfall.

	Middelproduksjon GWh	Installert effekt MW	Produksjon 2012 GWh	Produksjon 2011 GWh	Byggeår
Blåfalli Vik	710	230	769	915	2007
Blåfalli III H	460	100	484	587	1968,73
Blåfalli III L	16	5	18	21	1976
Staffi kraftverk	16	4	21	20	2000
Blåfalli IV	70	13	68	75	1981
Blåfalli V	24	8	19	31	2002
Sum Blåfalli	1296	360	1379	1649	
Sima*	233	96	284	267	1983
Eikelandsosen	80	30	109	94	1986
Børtveit	8	2	11	10	1921/92
Lundsseter	2	1	2	2	2009
Sum	1627	489	1786	2022	

* SKL sin del.

Tabellen ovanfor syner hovuddata for SKL sine kraftverk, og produksjonen i 2011 og 2012. Unnateke nye småkraftverk.

DRIFT OG VEDLIKEHALD

Divisjon teknisk drift og vedlikehold si hovudoppgåve er å syte for at produksjonsanlegga er tilgjengelege og operative når marknaden krev det. Det blir difor fokusert på ein effektiv, resultatorientert og profesjonell måte å driva anlegga på.

Vedlikeholdet på selskapet sine reguleringsanlegg, kraftverk, bygningar og øvrige anlegg blir gjennomført etter utarbeidd vedlikehaldsfilosofi og rutinar utarbeidd på grunnlag av denne. FDV-systemet Jobtech er sentral i vedlikehaldsarbeidet.

I tillegg til vedlikehold på eigne anlegg har det vore sterk deltaking i småkraftprosjekt m.m.

HMS- arbeidet har som tidlegare hatt eit sterkt fokus, og det arbeid målretta med Sikker Jobb Analyse og forbetningsrapportering. I tillegg er kvalitetssystemet revidert og oppdatert.

Selskapet registerer systematisk tilgjengeligheten til kraftverka, det har ikkje vore utilsikta nedetid i 2012.

UTVIKLING- OG INVESTERINGSPROSJEKT

Det er investert totalt 125 mill. kroner i 2012 i SKL Produksjon AS, noko som er ei auke i forhold til 2011. Den største enkeltinvesteringa er den igangsette bygginga av Eikemooverføringa, i tillegg kjem småkraftprosjektet Liarelva. Det er i tillegg gjennomført fleire mindre investeringar.

I tillegg til det som er investert i eigne bøker, deltek SKL Produksjon AS i fleire småkraftprosjekt som er organisert i eigne AS.

Opprusting og Utviding

Gjennom sin medeigarskap i AS Saudefaldene var SKL i 2011 med å fullført utbygginga av Saudaprojektet. AS Saudefaldene fekk utbyggingskonsesjon 18. juni 2003, og vedtak om utbygging vart gjort i mai 2005. I 2008 var hovuddelen av prosjektet ferdigstilt og den nye stasjonen sett i drift.

Småkraft

SKL Produksjon har eit omfattande småkraftengasjement, og samarbeider med Fusa Kraftlag, Haugaland Kraft, Skånevik Ølen Kraftlag og Kvinnherad Energi om prosjektutvikling. I alt arbeider SKL og dei samarbeidande selskapa no med om lag 30 prosjekt. Det er inngått fallrettsavtalar for omlag 20 av desse. Konsesjonssøknad er ferdig utarbeidd for om lag 15 av desse og er i ulike fasar til handsaming hos styresmaktene. Det vart starta bygging av 1 nytt småkraftverk i 2012, dette er Aksland Kraftverk i Etne Kommune. I tillegg er det arbeid på småkraftverka Eitro Kraftverk, Åkraelva Kraftverk og Liarelvo. Alle 4 kraftverka vert starta opp våren 2013. I 2012 fekk selskapet konsesjon på 2 nye småkraftverk, dette er Gjønelva Kraftverk og Storelvi Kraftverk.


Vindkraft

SKL har gjort ei nedskriving på investeringa i Vestavind Offshore AS. Nedskrivinga er knytt til låg forventning om realisering av selskapet sin konsesjon til bygging av ein offshore vindpark, Havsul. Nedskrivinga utgjer 31,5 MNOK og består av heile den bokførte investeringa. Selskapet har og selt seg ned i Vestavind Kraft AS til 5%. Vestavind Kraft AS arbeider med landbasert vindkraft.


SKL PRODUKSJON

I Matre kom det i 2012 3520 millimeter nedbør, som er 24 % meir enn normalt. Minst nedbør kom det i 2. kvartal med 74% av det normale. De 1. kvartalene fekk 77% meir enn det normale. I løpet av året vart magasininnhaldet redusert med 3%.

Akkumulert tilsig - SKL




Akkumulert nedbør - Matre




SKL PRODUKSJON

Magasinfylling for SKL



Kraftproduksjon for Sunnhordland Kraftlag for 2003-2012



Årsproduksjonen vart 1786 GWh, fordelt med 1380 GWh i Matre, 109 GWh i Eikelandsosen, 11 GWh i Børtveit, 2 GWh i Lundseter og 284 GWh i Sima. Vasstapet i Blådalsvassdraget var 7 GWh.

Den norske kraftproduksjonen i 2012 vart 146,3 TWh. Kraftforbruket i Noreg var 128,2 TWh, ein auke på 4 % frå 2011. Oppgangen skuldast i hovudsak auka alminnelig forbruk i høve til 2011. Overskottet i kraftbalansen vart eksportert.


Samla magasinfyllinga i Norden var 78,2 % ved inngangen til 2012. Median for perioden 1990-2012 er 69,5%. Tilsiga gjennom året var gode og vasskraftproduksjonen høg. Ved utgangen av 2012 var magasininnhaldet i dei nordiske kraftmagasina normale. Spotprisen for 2012 vart i gjennomsnitt 23,3 øre/kWh på kraftbørsen NordPool, medan gjennomsnittleg spotpris i vårt produksjonsområde vart 21,8 øre/kWh. Tilsvarande tal for 2011 var 36,7 og 35,9 øre/kWh.

SKL PRODUKSJON

KRAFTOMSETNING

SKL sel sin kraftproduksjon i engroskraftmarknaden til løpande spotpris. Selskapet har som føresetnad å maksimera verdien av produksjonen gjennom å vurdere verdien av tilgjengeleg vatn mot faktisk og forventet spotpris. Selskapet prissikrar mindre deler av kraftproduksjonen gjennom fysiske og finansielle kontraktar.

Gjennomsnittlig ukepris i spotmarknaden i produksjonsområdet (Blåfalli)



SKL PRODUKSJON

KRAFTTILGANG OG KRAFTSAL FOR 2010, 2011 OG 2012.

Krafttilgang i GWh	2012	2011	2010
Eigenproduksjon	1785	2022	1415
Kontraktkjøp	-	-	-
Nord Pool/Statnett	292	254	577
Uttevslingskraft	22	18	-
Sum	2099	2294	1992

Kraftsal i GWh	2012	2011	2010
Kontraktssal*	-	-	-
Konsesjonskraft	121	121	120
Nord Pool/Statnett	728	975	477
Nettap	48	52	58
Uttevslingskraft	1202	1146	1337
Sum	2099	2294	1992

SKL PRODUKSJON

FRAMTIDSUTSIKTER

Viktigaste oppgåva for selskapet vil også i framtida vera å drifta og vedlikehalda kraftanlegga slik at dei gir eit optimalt resultat på kort og lang sikt. Me fikk konsesjon og starta anlegget for Eikemooverføringa sommaren 2011. Denne utbygginga vil gi ca 63 GWh ny kraft

Etter fullføringa av Eikemoprojektet vil ein framleis søka å utvikla eige anlegg med tanke både på optimalisering og fleire GWh, den viktigaste oppgåva i forhold til framskaffing av ny kraft

vera vidare smakraftutbygging. Ein vil også forfølgje dei eventuelle mogelegheitene som kan opna seg i forhold til "heimfallsaken" og evt produksjonsvolum som kjem for sal.

SKL satsar også på fornybar og miljøvennleg vindkraft, og har saman med andre kraftselskap på Vestlandet etablert Vestavind Kraft AS og Vestavind Offshore AS. Denne satsinga vil halda fram også i dei kommande åra.

DRIFTSRESULTAT

Kraftproduksjon og –omsetnad syner følgjande resultat for dei tre siste åra:

Alle tal i 1000	2012	2011	2010
Energisal	484167	778 852	829 514
Sal av overføringstenester	-	-	-
Andre driftsinntekter	19 423	18 157	15 183
Sum driftsinntekter	503 590	797 009	844 697
Energikjøp	65 276	125 086	242 490
Kjøp av overføringstenester	16 440	9 363	7 751
Løn og andre pers. kostnader	36 630	33 423	29 543
Andre driftskostnader	53 569	50 527	53 286
Eigedomsskatt, avgifter	29 171	28 606	29 686
Avskrivningar	36 570	40 041	39 774
Sum driftskostnader	237 656	287 046	402 530
Driftsresultat	265 934	509 963	442 167



SKL NETT

NØKKELTALL 2012

23,4

mill. kr i driftsresultatet
for nettdrifta

294

km 66 kV luftlinjer

2382

Samla levering Gwh
til regionalnettkundane

SKL NETT

GENERELT

SKL Nett AS vart etablert ved årskiftet 2008 / 2009 som resultat av konsernetableringa av verksemda til Sunnhordland Kraftlag. Krav frå styremaktene om utskiljing av monopoldelen innan nettaktiviteten

samt Sunnhordland Kraftlag sitt behov for organisering av framtidig vekst og utvikling var utgangspunktet for etableringa. SKL Nett eig og driv eit omfattande regional- og sentralnett i Sunnhordland og Nord-Rogaland, i hovudsak på 66 og 300 kV spenningsnivå. Samla trasélengde er 448 km, av dette 42 km sjøkabel i samband med fjordkryssingar. Til saman 22 transformatorstasjonar inngår.

Gjennom regionalnettet vart det i 2012 levert 2382 GWh mot 2275 GWh i 2011.

SKL Nett har eigd distribusjonsnettet i Stord sidan 2007 , og vidareutviklar og vedlikeheld dette nettnivået med eiga inntektsramme frå og med 2009. Samla trasélengde for distribusjonsnettet er 663 km, der 434 km er kabel. Samla levering i 2012 var 233 GWh fordelt på 8768 kundar.

Kraftnettet er underlagt monopolkontroll, og er rekneskapsmessig delt i sentralnett, regionalnett og distribusjonsnett.

Driftsresultatet for nettdrifta vart 23,4 mill kr i 2012, fordelt med 12,1 mill kr på sentralnettet, 11,2 på regionalnettet og 0,1 mill kr på distribusjonsnettet, noko som gir eiavkastning på 4,0 % av nettkapitalen pr. 31.12.

SENTRALNETTANLEGG

SKL Nett eig og driv 300 kV kraftleidningar og 300 / 66 kV transformatorstasjonar. Desse anlegga er utleigd til Statnett SF og inngår i sentralnettet.

SKL NETT HAR PR. 31.12. 2012 I DRIFT:

300 kV luftlinjer 79,6 km

300 kV kablar 17,2 km

I transformatorstasjonane har vi ei samla yting på dette nettnivået på:
300 / 66 kV 580 MVA

REGIONALNETTANLEGG

SKL Nett eig og driv eit omfattande regionalnett i Sunnhordland og Nord-Rogaland. Nettet er kopla opp mot sentralnettet i Blåfalli, Husnes, Stord, Spanne og Håvik. På regionalnettsnivå har selskapet samankoplingi sør mot Haugaland Kraft. Mot nord (BKK) har ein ikkje tilknytning på dette nettnivået. Regionalnettet vert i hovudsak drive med 66 kV spenning, men det er òg nokre 22 kV anlegg.

SKL NETT HADDE 31.12. 2012 I DRIFT:

300 kV luftlinjer 12,0 km

66 kV luftlinjer 294,0 km

66 kV kablar 34,0 km

22 kV luftlinjer 2,2 km

22 kV kablar 0,5 km

SKL nett er eigar og medeigar i 22 transformator- og koplingsstasjonar.

SKL NETT

SAMLA YTING FOR TRANSFORMATORANE ER:

66/22 og 66/11/5 kV 445 MVA
22/22 kV 30 MVA

DISTRIBUSJONSNETT

DISTRIBUSJONSNETTET ER LOKALISERT INNANFOR STORD KOMMUNE, OG SKL HADDE 31.12. 2012

I DRIFT:

Lågspent linjenett 169 km
Høgspent linjenett 47 km
Lågspent kabel 321 km
Høgspent kabel 139 km

I distribusjonsnettet inngår 319 fordelingstransformatorar med ei samla yting på 127 MVA.

DRIFT, VEDLIKEHALD OG NYANLEGG FOR REGIONAL- OG SENTRALNETTET

I tillegg til ordinær drift og vedlikehald på sentral- og regionalnettanlegga har det i 2012 vore ekstra fokus på følgjande område og prosjekt:

- Slutføring av 300 kV linje Børtveit - Midtfjellet
- Slutføring av 300 kV transformator- og koplingsanlegg i Midtfjellet og på Børtveit
- Slutføring av Opstveit tr.st. i Matre
- Montert ny 66/22 kV transformator (25 MVA) på Ekornsæter
- Oppføring av nytt bygg og nytt 22 kV koplingsanlegg er påbegynt
- Det er bestilt ny 150 MVA (300/66 kV) transformator til Håvik,

for utskifting i 2013

- Planlegging for reinvestering av 66 kV linjene Stord-Langeland-Otteråi

FORBRUK OG ENERGITRANSPORT I REGIONALNETTET I 2012

Samla levering til regionalnettkundane våre i 2012 var 2382 GWh eksklusive nettap, noko som er ein auke på 4,7 % i høve til 2011. Nettapet utgjorde 35,1 GWh, tilsvarande 1,5 %.

MAKSIMALLAST

2012 var eit relativt normalt år. Høgaste maksimallast for 2012 i regionalnettet vart registrert i time 11 den 3.2.2012, til 490 MW, inkludert tap i nettet. Småkraftproduksjon som vert mata inn i distribusjonsnettet inngår ikkje i dette talet.

KRAFTSYSTEMUTGREIING FOR SUNNHORDLAND OG NORD-ROGALAND

SKL er planansvarleg selskap for regionalnettet i Sunnhordland og Nord-Rogaland.

Kraftsystemutgreiinga vert revidert kvart andre år innan 1. juni, og gjort tilgjengeleg på SKL si heimeside på internett. Neste utgåve kjem i 2014.

DRIFT, VEDLIKEHALD OG UTBYGGING AV DISTRIBUSJONSNETTET I STORD

I tillegg til ordinær drift og vedlikehald på distribusjonsnettet har det i

SKL NETT

2012 vore ekstra fokus på følgjande område og prosjekt:

- SKL samarbeider med HK og Vestlandsalliansen om innføring av AMS
- Det er stor byggeaktivitet i Stord kommune, og det har mellom anna vore opprusting/utviding av nettet på Skottaberg, Hornelandsvegen/Kårevik, Jensanesvegen, Åsbanen og på Heiane.
- Det har vore fokus på ombygging av mastetrafoar til kioskar på bakken
- Planlegging av nye kioskar for hyttefelt på Huglo og Agdestein/Grov

Mange av overnemnte prosjekt er fellesprosjekt med både Stord Kommune, Vegvesenet og vår eiga utbygging av Naturgass og Breiband (fiber) infrastruktur

I distribusjonsnettet vart det levert 233 GWh fordelt på 8768 kundar. Nettapet utgjorde 12,2 GWh, tilsvarande 5,0 % .

DRIFTSFORSTYRRINGAR

SENTRAL- OG REGIONALNETTET:

I sentral- og regionalnettet vart det registrert 17 driftsforstyringar, mot 8 året før. Av desse førte 10 til avbrot i forsyninga med eit leveringstap

(ILE/KILE) på 30,7 MWh/1,85 mill NOK, mot 1,3 MWh året før.

DISTRIBUSJONSNETTET:

I distribusjonsnettet vart det registrert 8 driftsforstyringar, mot 15 året før. Desse medførte eit leveringstap (ILE) på 3,6 MWh, mot 5,3 MWh året før. I tillegg var det 36 planlagde og varsla avbrot som medførte eit leveringstap (ILE) på 15,5 MWh, mot 9,4 MWh året før. Samla leveringstap for distribusjonsnettet i 2012 var 0,82 mill NOK.

VIDARE ARBEID OG FRAMTIDSUTSIKTER

Viktige oppgåver framover vil vera å optimalisera drift og vedlikehald, oppnå god avkastning samtidig som leveringstryggleiken vert ivareteken. Det vil bli gjennomført tiltak for å bidra til selskapsmessig og regional utvikling. Vurdering av IT-strategi og bruk av IT-verkty vil verta vurdert for effektivisera drifta. Som følge av stor auke i maksimalt effektuttak siste åra og utvikling i regionen elles har me høgt fokus på utbygging og vidare utvikling av nettet. SKL Nett arbeider også aktivt for å vere ein attraktiv samarbeidspartnar i samband med utbygging, drift og vedlikehald av nye nettanlegg ved utbygging av ny kraftproduksjon i regionen.

ÅRSMELDING 2012



STYRET SI ÅRSMELDING

VERKSEMDA

Konsernet SKL (Sunnhordland Kraftlag AS) er eit kraftkonsern som driv innan produksjon og overføring av kraft. I tillegg har konsernet satsingar innan Breiband, distribusjon av naturgass og IKT-tenester.

Konsernet SKL sin forretningsidé er å drive produksjon, omsetjing og overføring av energi på ein konkurransedyktig, lønsam og serviceinnstilt måte. I den grad Konsernet SKL går inn i nye forretningsområde skal det vere særleg relevante aktivitetar for utnytting og vidareutvikling av kompetanse og teknologiske ressursar.

Konsernet SKL sin kraftproduksjon, i regi av SKL Produksjon AS, skjer i Hordaland fylke. Hovuddelen av produksjonen er lokalisert i Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. I tillegg eig og driv selskapet Eikelandsosen kraftverk i Fusa, to mindre stasjonar i Stord og er medeigar (8,75 %) i Sima kraftverk i Eidfjord. Midlare kraftproduksjon i desse stasjonane er 1627 GWh. Selskapet deltek dessutan i kraftproduksjon i Sauda gjennom sin eigardel på 15 % i Saudefaldene AS.

Satsinga innan småkraft skjer hovudsakleg i eigne dotterselskap og tilknytte selskap. To småkraftverk er sett i drift pr. 31.12.2012 og 4 skal setjast i drift i løpet av vinteren/våren 2013. I tillegg er fleire under konsesjonshandsaming.

Konsernet SKL si nettverksemd er lokalisert til Sunnhordland og Nord-Rogaland. Konsernet er igjennom SKL Nett AS eigar/medeigar i linjer og transformatorstasjonar som inngår i sentralnettet (300 kV), og nettverksemda har driftsansvaret for desse anlegga. Nettverksemda eig og driv regionalnettsanlegga (66 kV) i Sunnhordland og delar av tilsvarande

anlegg i Nord-Rogaland. Som del av nettanlegga har nettselskapet store kabelanlegg for fjordkryssingar både på 300 kV og 66 kV nivå. Nettverksemda eig og driv i tillegg distribusjonsnettet i Stord.

SKL Marked AS er ansvarleg for anna aktivitet knytt til infrastruktur, dette gjeld blant anna IKT, Breiband og Naturgassutbygging. I tillegg vert kundesenteret drifta av marknadsselskapet.

SKL Produksjon AS har ein driftssentral lokalisert i Stord for overvaking og styring av produksjons- og nettanlegg. Som del av denne har konsernet bygd eigne kommunikasjonsanlegg basert på fibernett og radiolinje. Som tilknytt aktivitet har konsernet SKL teke del i og gjort investeringar i utbygginga av radiolinjesamband og fiberoptisk samband mellom Bergen og Stavanger. Konsernet SKL er såleis eigar av infrastruktur som vert nytta for sal av tenester til teleoperatørar, desse anlegga er ein del av SKL Marked AS.

SKL AS (morselskapet) leverer tenester internt i konsernet knytt til blant anna økonomi, personal, administrasjon og strategi.

VIDARE DRIFT

Årsrekneskapet er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Ved utgangen av 2012 hadde Konsernet SKL 134 tilsette, mot 130 året før. I tillegg kjem 6 lærlingar. Morselskapet SKL AS har 20 tilsette. Totalt utgjer dei 134 tilsette 128,7 årsverk i 2012 mot 125,1 årsverk i

STYRET SI ÅRSMELDING

2011. Konsernet SKL har sidan 2002 vore IA- bedrift og hatt avtale om Inkluderande Arbeidsliv. Konsernet har vidare etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi, med heilskapleg fokus på faktorane helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsetjinga er i samarbeid med den enkelte tilsette, dei tilsette sine organisasjonar, bedrifts-helseteneste og trygdeetat både å redusere sjukefråveret og leggje til rette for at den enkelte tilsette kan stå lenger i arbeid før uttak av pensjon. I 2012 hadde Konsernet SKL ein skade hjå tilsette som medførte skadefråvere, dette gav ein H1-verdi lik 4,0. Tilsvarende tal for 2011 var ein skade med fråvær og ein H1-verdi lik 4,2. Samla sjukefråvere var 3,1%, mot 3,7% i 2011.

SKL AS hadde ingen skadar med fråvere og ein H1 – verdi lik 0 i 2012. Samla sjukefråvere i SKL AS var 5,8% i 2012, mot 2,5% i 2011.

Konsernet SKL har kvalitetsleiar med ansvar for systematisk arbeid med HMS. Konsernet SKL har samarbeidsavtale med bedrifts-helsetenesta, Sunn HMS. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) hadde 4 møter i 2012. AMU har 5 representantar frå dei tilsette og 5 frå arbeidsgjevar. I tillegg møter kvalitetsleiar, HR-ansvarleg og ein representant frå Sunn HMS. Kvalitetsleiaren er sekretær for AMU, der faste saker mellom anna er internkontrollarbeidet, oppfølging av sjukefråvere, samt arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uønska hendingar. Vidare har AMU til handsaming rapportar frå HMS- tenesta, byggjesaker og arbeidsmiljøutvalets årsrapport.

LIKESTILLING

Ved utgangen av året hadde Konsernet SKL 134 tilsette fordelt på 128,7 årsverk. Av dei tilsette er 106 menn (103,5 årsverk) og

28 kvinner (25,2 årsverk). Med unntak for administrasjon og kundeservice er Konsernet SKL si verksemd knytt til område der menn generelt i arbeidslivet er i sterk overvekt.

Styret har 8 medlemmer, fordelt med 5 aksjonærvalde, 1 utpeika av Hordaland fylkeskommune og 2 valde av dei tilsette. Styret er samansett av 8 menn. SKL har innretta si verksemd slik at ho ikkje er i strid med likestillingslova.

DET YTRE MILJØ

Konsernet SKL sin største aktivitet – utnytting av vassdrag til produksjon av energi – gjeld produksjon av ei miljøvennleg vare. Produksjon av vasskraft har miljømessige fordelar framfor andre former for energiproduksjon. Men også utbygging og drift av vasskraft-anlegg medfører inngrep i naturen og påverkar miljøet. Største verknad i den samanheng er dei inngrepa som gjeld regulering av vassdrag i form av endra vassføring og magasinering.

Konsernet SKL er opptatt av å førebyggje og avgrense negative miljøkonsekvensar av verksemda, mellom anna gjennom tiltak i samband med vassdrags- og konsesjonsvilkår som selskapet er underlagt.

Sjølve produksjonsprosessen medfører ikkje negativ påverknad av det ytre miljø. Det vert nytta PCB-fri olje i alle transformatorar og andre oljehaldige komponentar. Det er bygd oljegruver for oppsamling av olje ved ein eventuell lekkasje for alle transformatorane, og desse vert vedlikehaldne med omsyn til tettleik.

300 kV sjøkabelanlegga over Hardangerfjorden og Bømlafjorden er utstyrte med oljetrykksanlegg, og lekkasjar frå desse vil føre til

STYRET SI ÅRSMELDING

direkte utslepp i sjøen. Anlegga har kontinuerlig overvaking.

Ved legging av kablar og gassanlegg vert det samarbeida med kommunale etatar og andre for å grava felles grøfter. Dette reduserer både kostnader og inngrep i naturen. Mykje infrastruktur vert lagt i bakken for å minimera visuell forureining.

Konsernet har i 2012 ikkje hatt vesentlege uynskte hendingar som har gitt skadar på miljø.

OM DRIFTA

Produksjonen i 2012 vart på totalt 1786 GWh, 159 GWh eller 9,8 % meir enn det som er rekna som middels produksjon. I 2011 var produksjonen totalt 2023 GWh, det vil seia 396 GWh eller 24,3% høgare enn det som er rekna som ein middels produksjon.

Magasininnhaldet var i inngangen til året om lag normalt, og ved utgangen var det 63 GWh lågare enn ved inngangen. Det var også svært lite energitap grunna overløp gjennom året. Total nedbør i Matre var 3520 mm (23,7 % over normal).

Totalt vart dekningsbidrag av kraftomsetninga på 402,4 MNOK mot 644,4 MNOK i 2011 (Sal energi fråtrekt kjøp energi). Produksjonsanlegga har hatt høg tilgjenge, i løpet av året har det ikkje våre lengre utilsikta nedetid på anlegga. Det har igjennom året vore nokre lengre planlagde vedlikehald, særleg kan ein nemna kuleventilrevisjon i Eikelandsosen. Planlagde driftsstansar har hatt liten innverknad på konsernet sitt resultat. Det vert elles utført reinvesteringar og oppgraderingar i anlegga i samsvar med plan.

Det har generelt vore ein låg spotpris i 2012, høgaste områdepris over månaden var i februar med 33,7 øre/kWh. Prisen fall så utover våren og var under 20 øre/kWh frå juni og t.o.m september, med 10,3 øre/kWh i juli som lågast måned-snittpris. Gjennomsnittleg systempris var 23,4 øre/kWh mot 36,7 øre/kWh i 2011.

Hovudvolumet av kraft vert seld til løpande spotpris på kraftbørsen Nord-pool. Prisen i vårt område var 21,8 øre/kWh (år-snitt) mot 36,0 øre/kWh i 2011. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft vart 24,3 øre/kWh, inkludert konsesjonskraft og godtgjering til Hordaland fylke var faktisk oppnådd pris 23,4 øre/kWh.

For SKL Nett AS har drifta, i 2012, i stor grad gått som planlagt. Året har vore prega av stor investeringsaktivitet for alle nettnivåa.

I sentral- / regionalnettet var det 17 driftsforstyringar, mot 8 året før. Av desse førte 10 til avbrot i forsyninga med eit leveringstap (ILE/KILE) på 30,7 MWh/1,85 mill NOK, mot 1,3 MWh året før.

I distribusjonsnettet var det 8 driftsforstyringar, mot 15 året før. Desse medførte eit leveringstap (ILE) på 3,6 MWh, mot 5,3 MWh året før. I tillegg var det 36 planlagde og varsla avbrot som medførte eit leveringstap (ILE) på 15,5 MWh, mot 9,4 MWh året før. Samla leveringstap for distribusjonsnettet i 2012 var 0,82 mill NOK.

Transportert energimengde i regionalnettet for 2012 var 2382 GWh mot 2299 GWh i 2011, mens det i distribusjonsnettet vart transportert 233 GWh i 2012 mot 222 GWh i 2011.

STYRET SI ÅRSMELDING

For SKL Marked AS har drifta i 2012 vore prega av fullføringa av investeringsaktiviteten, særleg knytt til breibandssatsinga. Utbygginga av infrastrukturen knytt til breiband er i ein slutfase, og mykje av aktiviteten i 2012 handla om og optimalisera og klargjera driftsfasen.

Distribusjonsnett for naturgass er ferdigstilt, fokus i 2012 har vore kundetilknyping, og vidare optimalisering av drifta.

IKT avdelinga arbeider med og sikra konsernet stabile leveransar av IT tenester. I tillegg har eksternt sal vore eit fokusområde som har resultert i auka omsetnad. Samarbeid om bransjeløysing for e-verk har resultert i stadig fleire eksterne kontraktar innan for leveranse av IKT og Økonomisystem.

Samla for selskapa som er konsolidert i konsernrekneskapen er det investert i varige driftsmidlar for 304 mill. kroner i 2012. I tillegg kjem finansielle investeringar med netto ca. 62,9 mill.kr knytt lån/aksjeinnskot i småkraftselskap utanfor konsernet.

Det er investert totalt 125,0 mill. kroner i 2012 i SKL Produksjon AS. Den største enkeltinvesteringa er bygging av ein overføringstunell frå Eikemo-vassdraget til Blådalsvassdraget. Bygginga er venta ferdig i løpet av 2013, og ved ferdigstilling vil investeringa auke midlare årsproduksjon med 63 GWh. I tillegg til investering i eigne bøker har selskapet auka utlån til småkraft selskap med anlegg under bygging med totalt 62,9 MNOK.

I nettverksemda har vesentlege investeringar på sentral- og regionalnettsnivå mellom anna vore slutføring av ny 66 kV transformatorstasjon på Opstveit i Matre, slutføring av ny 66 kV transformator nr. 2 ved Ekornesæter tr.st., samt bygging og fullføring av 300 kV

linjeprojekt Børtveit – Midtfjellet i samband med vindparken. I tillegg er ein godt i gong med arbeidet med å oppgradera trafokapasiteten i Håvik. I distribusjonsnett har fleire mindre investeringar vore gjennomført. Det har òg vore arbeid med utskifting av nettstasjonar som skal ned på bakken innan 2016.

Samla investeringar i SKL Nett AS var i 2012 på 117,0 mill. kr, mot om lag 85,5 mill. kr i 2011.

SKL Marked AS sine investeringar er i all hovudsak knytt til breibands-satsinga, men i mindre grad har vore investeringar i andre forretningsområde. Totalt har SKL Marked AS investert for 18,6 mill.kr i 2012. For morselskapet har det vore gjort investeringar knytt til utbygging av administrasjonsbygget i Stord. Totalt er det investert 43,4 mill.kr

OM ÅRSREKNESKAPEN

Resultat

Rekneskapen for 2012 syner ei omsetning på 795,3 mill. kr for konsernet og 42,1 mill. kr for morselskapet. Resultat før skatt er 222,1 mill. kr for konsernet, tilsvarende tal for morselskapet er 124,2 mill. kr. Overskot etter skatt er 80,3 mill. kr for konsernet og 89,0 mill.kr for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt var kr 208,6 mill.kr for konsernet og kr 230,5 for morselskapet i 2011. Bokført skattekostnad i konsernet utgjer 141,8 mill. kr, medan bokført skattekostnad for morselskapet utgjer 35,2 mill. kr.

Konsernresultatet samla er svært mykje lågare enn i fjor, og endringa skriv seg særleg frå følgjande høve:

STYRET SI ÅRSMELDING

- Lågare produksjon, og svært mykje lågare pris gav ein reduksjon i dekningsbidrag for produksjon med til saman 242,0 mill. kr (inkludert resultat frå småkraftsatsinga).
- Lågare inntektsramme for 2012 målt mot 2011 gav ein reduksjon på dekningsbidraget frå nettverksemda med 2,5 mill. (overføringsinntekt fråtrekt overføringskostnad og kjøp av energi). Det er fleire årsaker til dette, mellom anna endring i NVE si referanserente frå 5,3% til 4,2%.
- SKL Marked AS totalt leverer godt, og gir ein auke i dekningsbidraget på 0,6 mill.kr. Investeringa i distribusjonsnettet for naturgass er nedskrive med totalt 12,9 mill.kr før skatt. Nedskrivinga skuldast endra prognosar for omsetning og margin for salet av naturgass.
- SKL AS har eit årsresultat korrigert for inntekt frå dotterselskapa som er 1,5 mill. kroner høgare enn i 2011.
- Netto finanskostnad er auka med 27,8 mill.kr før skatt. Dette skuldast blant anna at det er føreteke ei nedskriving av aksjeposten i Vestvind Offshore med til saman 31,5 mill.kr. Dette inneber at finanskostnader utover nemnde nedskriving er betra frå i fjor, det skuldast, til tross for auka gjeld, ein lågare samla rentekostnad.
- Lønnskostnader aukar med 11,2 mill. kr, der mykje av endringa utover generell lønsauke skuldast ein auka pensjonskostnad på om lag 5,5 mill. kr.
- Andre driftskostnader aukar med 11,2 mill. kr, der mykje av veksten er knytt til auka vedlikehaldskostnader, samt ei auke i eigedomsskatt.
- Av- og nedskrivingar er redusert med 23,9 mill. kr, som i all hovud sak skuldast den store nedskrivinga av Naturgassatsinga førre år.
- Skattekostnaden er redusert med 137,3 mill. kr. For nettverksemda er ordinær inntektsramme inntektsført og resultatet av kvalitetsjustert inntektsramme (KILE – kompensasjon for ikkje levert energi) er teke inn i rekneskapen for 2012. Ved utgangen av 2012 er det bokført ei meirinntekt på netto 53,6 mill. kroner i balansen. Driftsresultat for SKL Nett AS i 2012 utgjør 23,4 mill. kroner – ei avkastning på ca.4,3% på NVE-nettkapitalen, mot 8,4% i 2011.NVE referanserenta var på 4,2 % for 2012 og 5,3% for 2011.

Balanse og likviditet

Konsernet SKL sine bokførte anleggsverdiar er i samsvar med historisk kostpris fråtrekt av- og nedskrivingar.

For konsernet SKL var Likviditetsgrad 1 pr 31.12.2012 lik 0,52. Arbeidskapitalen er negativ og utgjorde -200,4 mill. kr (inklusive bank). Den negative arbeidskapitalen skuldast i stor grad betalbar skatt og utbytte som kjem til utbetaling i 2013. Likviditetssituasjonen er i samsvar med planlagde handlingar frå konsernet si side. Tala må sjåast i samanheng med trekkrettar og kassakreditt på til saman 1 490 mill. kroner. Samla gjeld knytt til trekkrettar og sertifikat er 1 370 mill. kr pr. 31.12.12, slik at faktisk likviditetstilgang gir ein reell likviditetsgrad større enn 0,52. Konsernet sin soliditet er god. Eigenkapitaldelen pr 31.12.12 er på

STYRET SI ÅRSMELDING

40,3%, etter avsett utbytte til eigarane. Marknadsverdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn bokførte verdier. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved og omfang av verksemdai konsernet.

Kontantstraum

Konsernet har ein kontantstraum frå drifta på 27,1 mill. kroner etter endringar i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Likviditetsbeholdninga er 66,2 mill. kroner høgare ved dette årsskiftet samanlikna med 2011. Dette skjer etter netto investeringar i varig driftsmidlar og andre anleggsmidlar på 324,5 mill. kroner, ein auke i lånegjelda på 520 mill. kroner og utbetaling til eigarane på 156,5 mill. kroner. Avlagt rekneskap gir eit reelt bilete av verksemda til konsernet for året. Det har ikkje skjedd tilhøve etter avlegging av årsrekneskapen som har særleg betyding for rekneskapen for 2012.

FRAMTIDIG UTVIKLING

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god både på kort og lengre sikt. For Konsernet SKL tilseier langtidsplan og langtidsbudsjett at selskapet kan vente ei god økonomisk utvikling dei næraste åra. Dette trass i at kraftbransjen må operere under lite stabile rammevilkår.

Størst uvisse for økonomiske resultat framover vil framleis knyte seg til resultatata frå kraftproduksjonen som konsekvens av utvikling i pris og produksjonsmengde. Aktørane på kraftmarknaden er framleis svært kortsiktige, slik at det er uvisse for dei framtidige prisane. Nivået på kraftprisane og avvik i årlege tilsig vil gje dei største utslaga på dei framtidige resultatata for selskapet. I tillegg vil særleg prisen for el-sertifikat ha mykje å seie for lønnsemd i pågåande og planlagde

investeringar i auka kraftproduksjon.

SKL Nett AS er gjenstand for ei årleg berekning av inntektsramme. I inntektsrammeberekninga legg ein opp til effektivitetsmålingar, samanlikning med andre nettselskap, og ei samanstilling av inntekts-ramme som både byggjer på eigne kostnader og kostnadsnorm for bransjen. Dette fører til større uvisse om framtidige inntekter og gjer oss avhengige av ikkje berre eigen utvikling, men òg korleis bransjen utviklar seg.

SKL Nett AS står ovanfor store investeringar dei neste åra i alle nettnivåa. Investeringane er naudsynte for å sikre overføringskapasitet i distriktet, samt vedlikehalde leveringstryggleiken.

Når det gjeld utviding av konsernet sine aktivitetar, har SKL sitt hovudfokus innan kraftproduksjon. Konsernet har difor i fleire år arbeidd aktivt for realisering av ny lønsam kraftproduksjon. SKL Produksjon AS har starta arbeidet med Eikemo-overføringa, eit «takrenne» -prosjekt som vil auka produksjonen i Blådalvassdraget med 63 GWh. Overføringa er planlagt ferdigstilt i 2013.

Konsernet SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av småkraftverk. Konsernet er eigar av Tveitelva Kraftverk AS og er deleigar i Hopselva Kraftverk AS, som begge har starta produksjon. Åkraelva Kraftverk, Liarelva Kraftverk, Aklandselva Kraftverk og Eitro Kraftverk er alle under bygging ved utgangen av 2012, og er forventa ferdigstilt i første halvår av 2013.

Konsernet er dessutan i slutfasen av ei breibandsutbygging, og har slutført bygginga av eit distribusjonsnett for naturgass i Stord. Deltaking i vindutbyggingsmarknaden skjer igjennom eigarskap i Vestavind Kraft

STYRET SI ÅRSMELDING

AS og Vestavind Offshore AS. SKL ser vidare satsing innan vind til å vera begrensa.

Konsernet har god soliditet, og drifta genererer stor positiv kontantstraum som sikrar likviditetssituasjonen. SKL er open for samarbeid med andre aktørar i regionen med sikte på å vidareutvikle konsernet og sikre framleis gode resultat dei neste åra.

FINANSIELL RISIKO

Konsernet har ei bevisst haldning til handtering av finansiell risiko. Verksemda er kapitalintensiv, med nye investeringar og behov for nye låneopptak, samstundes som eksisterande lån skal refinansierast. Likviditetsrisikoen må difor handterast. Konsernet har kraftanlegg med evigvarande produksjon og sal av kraft. Handteringa av marknadsrisikoen er difor viktig.

Konsernet SKL står blant anna ovanfor følgjande marknadsrisiko:

- Prisisiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenprodusert kraft, herunder prisen på el-sertifikat.
- Valutarisiko for sal av kraft.
- Renterisiko knytt til låneportefølje og inntektsramme for nettverksemda.

Kraftmarknaden er kortsiktig, med lite likviditet i produkt utover 3 års løpetid. Selskapet vil difor for middelproduksjonen på 1627 GWh vere eksponert for nivå og endringar i nivå på framtidig kraftpris og verdien

av Euro mot norske kroner.

Med all kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variere frå år til år. For konsernet SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representere ein utjamnande effekt i desse årlege variasjonane. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for Konsernet SKL enn for bransjen generelt.

Konsernet SKL har slik handtering av marknadsrisikoen for kraftproduksjonen:

- Prisisikoen vert ikkje sikra gjennom handel med finansielle kontraktar. SKL er innforstått med at resultata vil svinge med prissvingingane i kraftmarknaden.
- Konsernet sikrar ikkje valuta, og er innforstått med at inntekta frå kraftomsetting vil variere med nivå på Euroen. Innkomen Euro vert veksla fortløpande til norske kroner.

Renterisikoen for Konsernet SKL er avgrensa. Delar av konsernet sine inntekter for nettverksemda (kapitalrefusjon) er avhengig av rentenivået. Denne eksponeringa mot rentesvingingar går motsatt veg av konsernet si eksponering mot rentesvingingar på gjeldssida. Delar av låneporteføljen vert sikra gjennom rentebyteavtalar.

Kredittrisikoen for Konsernet SKL vert vurdert som avgrensa, ettersom SKL sine inntekter frå produksjonen vert omsett mot børs (NordPool) og inntekter frå nettverksemda vert i det vesentlege fakturert mot lokale energiverk.

Likviditetsrisikoen vert vurdert som liten. Selskapet har god kontantstraum frå drifta. Selskapet sin soliditet er god, 40,3 % ved siste årsskifte.

STYRET SI ÅRSMELDING

RESULTATDISPONERING

Konsernet SKL og morselskapet SKL har målsetjing om langsiktig verdiskaping. Morselskapet sikrar dotterselskapa i konsernet naudsynt soliditet og tilgang på likviditet. Overskotslikviditet og årleg avkasting vert overført til morselskapet i form av konsernbidrag og nedbetaling på langsiktig gjeld. I år er det tilført 117,1 mill. kr frå dotterselskap (før skatt), som gjev morselskapet eit årsresultat på 89,0 mill. kr. Konsernet har eit resultat på 80,3 mill.kr.

Konsernet SKL skal ha god handlefridom, og innanfor desse måla skal morselskapet gje ein kapitaltilførsel til eigarane som er tilfredsstillande. Konsernets mål og strategiar, konkretisert igjennom utarbeiding av langtidsbudsjett, viser at konsernet har eit omfattande investeringsprogram framover og kjem til å trenge eigarbidrag frå eigarane. Det er lagt opp til at kapitalutbetalinga til eigarane for 2012 rekneskapen

vert 75% av konsernresultatet. Dette gir et samla utbytte til eigarane på om lag 60,2 mill. kr. Storleiken på kapitaltilførsel til eigarane er tilpassa konsernet si finansiering av framtidige investeringar og skal sikre framleis god soliditet. Ut frå kontantstraumen og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.

Styret sitt forslag til disponering av overskottet for Sunnhordland Kraftlag AS for 2012:


Avsett til utbytte	kr	60 215 000
Avsett til annan egenkapital	kr	28 804 000
Sum disponering	kr	89 020 000

Stord, den 04. mars 2013

Magne Heimvik
konsernsjef



Didrik Ferkingstad
Styreleiar



Atle Neteland
nestleiar



Olav Linga
styremedlem




Torleiv Fylkesnes
Styremedlem



Johannes Christen Koløen
styremedlem




Sigbjørn Framnes
styremedlem



Lars Saue
styremedlem tilsette



Egil Åkra
styremedlem tilsette



STYRET



Magne Heimvik
Konsernsjef



Didrik Ferkingstad
Styreleiar



Atle Neteland
Nestleiar



Olav Linga
Styremedlem



Johannes Christen Koløen
Styremedlem



Lars Saue
Styremedlem



Sigbjørn Framnes
Styremedlem



Egil Åkra
Styremedlem tilsette



Torleiv Fylkesnes
Styremedlem

HOVUDTAL 2007- 2012 KONSERNET SKL

		2012	2011	2010	2009	2008	2007
RESULTATREKNESKAP							
Omsetning	mill. kr.	795	1 087	1 175	910	965	703
Driftsresultat	mill. kr.	279	517	511	410	568	348
Årsoverskott etter skatt	mill. kr.	80	209	228	185	267	266
Utbytte	mill. kr.	60	156	171	189	220	240
BALANSE							
Totalkapital	mill. kr.	3 141	2 883	2 819	2 670	2 798	2 596
Eigenkapital	mill. kr.	1 264	1 160	1 153	1 112	1 302	1 059
Soliditet (eigenkapital i % av totalkapital)	%	40,3	40,2	40,9	41,6	46,5	40,8
Likviditetsgrad 1 (omløpsmidler i % av kortsiktig gjeld)	%	52,3	22,4	36,6	29,9	88,7	63,7
RENTABILITET							
Totalrentabilitet (resultat før rentekostnader i % av totalkapital)	%	8,5	18,8	19,6	16,2	22,5	14,9
Eigenkapitalrentabilitet før skatt (resultat/eigenkapital)	%	17,6	42,0	43	32,7	46,6	30,8
ÅRSVERK							
Årsverk per 31.12.		134	130	129	124	116	108

RESULTATREKNESKAP

		KONSERN		MORSELSKAP	
	NOTE	2012	2011	2012	2011
DRIFTSINNTEKTER:					
Sal Energi	5	472 790	760 148	0	0
Overføringsinntekter	5,16	242 098	263 046	0	0
Andre driftsinntekter	5	80 379	63 906	42 099	40 046
Sum driftsinntekter		795 267	1 087 100	42 099	40 046
DRIFTSKOSTNADER:					
Energikjøp	5	77 358	130 312	0	0
Overføringskostnader	16	141 863	142 844	0	0
Løn og sosiale kostnader	6,7	105 787	94 613	22 717	19 823
Andre driftskostnader	4	97 219	84 496	17 600	18 288
Av- og nedskrivningar	8	93 938	117 867	3 539	3 709
Sum driftskostnader		516 165	570 132	43 856	41 820
Driftsresultat		279 102	516 968	-1 757	-1 774
FINANSPOSTAR:					
Finansinntekter	4,5	18 753	19 178	51 510	50 877
Inntekt frå investeringar i dotterselskap	4,5	0	0	117 062	315 797
Nedskrivning av finansielle eigendelar	10	-31 500	0	0	0
Finanskostnader	4,5	-44 240	-48 393	-42 592	-44 149
Netto finanspostar		-56 987	-29 215	125 980	322 525
Resultat før skatt		222 115	487 753	124 223	320 751
Skattekostnad	12	141 828	279 127	35 203	90 278
Årsresultat		80 287	208 626	89 020	230 473
RESULTATDISPONERING MORSELSKAP :					
Avs.utbytte (tidlegare skattlagt kapital)				60 215	156 470
Overføring til annan egenkapital				28 804	74 003
Sum disponert				89 020	230 473

BALANSE DEL 1

KONSERN

MORSELSKAP

(Alle tall i 1000)

	NOTE	31.12.12	31.12.11	31.12.12	31.12.11
EIGEDLAR					
Anleggsmidler					
Immaterielle egedelar					
Vassdragsrettar	9	26 852	26 852	0	0
Utsatt skattefordel	9,12	325 500	365 909	5 168	17 053
Sum immaterielle egedelar		352 352	392 761	5 168	17 053
Varige driftsmidler					
Vassdragsreguleringar	8	238 720	246 510	0	0
Kraftstasjonar	8	704 510	720 165	0	0
Bygningar	8	141 146	104 119	99 063	65 849
Sentralnett	8	107 313	114 956	0	0
Regionalnett	8	287 891	181 372	0	0
Distribusjonsnett	8	148 692	147 316	0	0
Fjernstyring/Teleanlegg	8	15 798	16 395	0	0
Anlegg under utføring	8	265 053	200 645	9 208	18 223
Tomter	8	7 437	10 747	3 736	3 736
Breiband	8	110 331	88 189	0	0
Naturgass	8	8 431	6 632	0	0
IT/Transport- og andre driftsmidler	8	38 761	27 377	10 984	4 720
Sum varige driftsmidler		2 074 083	1 864 423	122 991	92 528
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR					
Investeringar i dotterselskap	10,5	0	0	952 466	952 466
Øvrige aksjeinvesteringar	10	143 351	177 334	2 513	2 238
Langsiktige fordringar	2,3,11	351 183	297 020	1 522 725	1 011 872
Sum finansielle anleggsmidler		494 534	474 354	2 477 704	1 966 576
Sum anleggsmidler		2 920 969	2 731 538	2 605 863	2 076 157

BALANSE DEL 2

KONSERN

MORSELSKAP

(Alle tall i 1000)

	NOTE	31.12.12	31.12.11	31.12.12	31.12.11
OMLØPSMIDLAR					
Fordringar					
Varelager		293	367	0	0
Andre fordringar	2,11	19 981	16 938	345	282
Konsernbidrag dotterselskap	2,5	0	0	117 064	315 797
Kundefordringar	2,11	58 223	59 293	2 499	1 905
Sum fordringar		78 497	76 598	119 908	317 984
Bankinnskott, kontanter o.l.		141 497	75 311	67 296	12 152
Sum omløpsmidlar		219 994	151 909	187 204	330 136
Sum egedelar		3 140 963	2 883 447	2 793 068	2 406 294
EIGENKAPITAL OG GJELD					
Eigenkapital					
Innskoten eigenkapital					
Aksjekapital	13,14	3 307	3 307	3 307	3 307
Overkursfond	13,14	0	0	0	0
Sum innskoten eigenkapital		3 307	3 307	3 307	3 307
Opptent eigenkapital					
Annan eigenkapital	14	1 261 084	1 156 657	1 276 261	1 218 265
Sum opptent eigenkapital		1 261 084	1 156 657	1 276 261	1 218 265
Sum eigenkapital		1 264 391	1 159 964	1 279 568	1 221 572
GJELD					
Avsetnad for forpliktingar					
Pensjonsansvar	7,11	67 686	174 680	21 042	60 247
Anna avstenad for forplikting	11	18 405	20 557		
Sum avsetnad for forpliktingar		86 091	195 237	21 042	60 247

BALANSE DEL 3

KONSERN

MORSELSKAP

	NOTE	31.12.12	31.12.11	31.12.12	31.12.11
<small>(Alle tall i 1000)</small>					
Anna langsiktig gjeld					
Anna langsiktig gjeld	3,11	1 370 000	850 000	1 370 000	850 000
Sum anna langsiktig gjeld		1 370 000	850 000	1 370 000	850 000
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld	2	48 831	68 558	7 123	8 095
Betalbar skatt	12	137 359	319 926	34 671	89 444
Avgifter, skattetrekk m.m.		40 909	32 070	1 786	2 064
Anna kortsiktig gjeld	11	133 167	101 223	18 663	18 403
Avsett til utbytte	14	60 215	156 470	60 215	156 470
Sum kortsiktig gjeld		420 481	678 247	122 458	274 476

KONTANTSTRAUMANALYSE

KONSERN

MORSELSKAP

(Alle tall i 1000)

LIKVIDER TILFØRT / BRUKT PÅ VERKSEMDA

Likvider tilført / brukt på verksemda

	31.12.12	31.12.11	31.12.12	31.12.11
Resultat før skatt	222 115	487 753	124 223	320 751
Betalt skatt	-319 926	-232 135	-89 444	-81 276
Av- og nedskrivningar	93 938	117 867	3 539	3 709
Netto tilført frå årets drift	-3 873	373 485	38 318	243 184

Likviditetsendringar i balansen

Endringar i kundefordringar	1 070	2 880	-594	-1 438
Endringar i andre omløpsmidlar/langsiktige fordringar	-3 043	9 929	198 670	-19 498
Endring i kreditorar	-19 727	23 248	-972	1 193
Endring i andre tidsavgrensingar	52 681	-555	2 335	-5 694
Netto likviditetsendringar i balansen	30 981	35 502	199 439	-25 437
Sum likviditetsendringar fra årets drift	27 108	408 987	237 757	217 747

LIKVIDER TILFØRT / BRUKT PÅ INVESTERINGAR

Likviditetsendring frå invisteringar

Investeringar i varige driftsmidlar	-304 273	-221 163	-35 016	-14 135
Endring andre anleggsmidlar /Langsiktige fordringar	-20 180	-10 603	-511 128	-12 243
Netto likviditetsendring frå investeringar	-324 453	-231 766	-546 144	-26 378

Likviditetsendring frå finansiering

Endring anna langsiktig gjeld	520 000	-72 150	520 000	-70 000
Utbetalt utbyte/tilbakebetaling kapital	-156 470	-171 126	-156 470	-171 126
Netto likviditetsendring frå finansiering	363 531	-243 276	363 531	-241 126
Sum likviditetsendringar frå investering	39 078	-475 042	-182 614	-267 504

Netto endringar i likvider gjennom året

likviditetsbeholdning 01.01.	75 311	141 366	12 152	61 909
likviditetsbeholdning 31.12.	141 497	75 311	67 296	12 152

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

GRUNNLEGGANDE PRINSIPP – VURDERING OG KLASSIFISERING

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapskikk i Noreg gjeldande pr. 31.12.2012.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som vert betalt tilbake innan eitt år eller som er ein del av selskapet sitt varekretsloop, vert klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av gjeld vert tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskostnad med frådrag for av- og nedskrivningar. Omløpsmidlar er generelt vurdert til lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi.

Det er etter god rekneskapskikk gjort unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Eventuelle unntak vert kommentert i dei aktuelle notane. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare vert kostnadsført. Nærare omtale av enkelte postar er gjort nedanfor.

REKNESKAPSPRINSIPP FOR VESENTLEGE REKNESKAPSPOSTAR

Inntektsføring

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet. Forskottsbetalingar på kontraktar vert inntektsført ved levering av underliggende produkt.

Produsert kraft vært levert på sentralnettet, og inntekta er opptent på tidspunktet for levering. Konsernet sel krafta på kraftmarknaden hovudsakleg gjennom marknadsplassen Nordpool. Sal av gass vert inntektsført etter avregning av forbruk hos kunde. Sal av IKT-, breiband- og innhalds- og andre tenester vert inntektsført etter kvart som tenesta vert utført. Fakturert nettleige som avviker frå tillatt inntekt, vert balanseført som meir-/mindreinntekt og påverkar nettariff i kommande periode. Andre tenester vert inntektsført etter kvart som tenesta vert utført.

Kraftproduksjon/krafthandel

Konsernet har vedteke strategi og retningslinjer for si agering i kraftmarknaden. Selskapet driv finansiell handel i svært avgrensa omfang. Alle uoppgjorte terminkontraktar blir bokført til verkeleg verdi.

Kostnadsføring / Samanstilling

Utgifter blir samanstillt og kostnadsført samtidig med tilhøyrande inntekter. Utgifter som ikkje kan samanstillast med inntekter blir kostnadsført når dei er påløypt.

Investering dotterselskap, tilknytt selskap og aksjar og andelar

Selskap der morselskapet gjennom eigarskap eller avtale har bestemmande innflytelse er definert som dotterselskap og er konsolidert i konsernrekneskapen. Investeringar i dotterselskap som ikkje er vesentlig for konsernet enkeltvis eller samla, er haldt utanfor ved konsolideringa. I selskapsregnskapet er investeringar i dotterselskap bokført til anskaffingskostnad.

Tilknytt selskap er bokført etter eigenkapitalmetoden i både konsern- og selskapsrekneskapet. Det er gjort unntak frå eigenkapitalmetoden for investeringar i tilknytt selskap som ikkje er vesentlig for konsernet enkeltvis eller samla. Investeringar i aksjar og andelar er bokført til anskaffingskostnad med nedskrivning til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigående. Viser nærare omtale under note 10.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet sitt pensjonsansvar i høve til den tariffesta tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i BKK Pensjonskasse. Viser til nærare omtale under note 7.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert aktivert til anskaffingskostnad. Eventuelle renter i byggetida vert kostnadsført. Utvidingar og reinvesteringar som medfører auka kapasitet og/eller lengre levetid, vert aktivert. Eigne arbeid vert vurdert til tilverkingkost, aktivert og ført som kostnadsreduksjon på rekneskapslinja "Løn og sosiale kostnader" – Sjå note 6.

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP – DEL 2

Av- og nedskrivningar

Avskrivningar vert gjort lineært over forventa resterande økonomisk levetid. Anlegg vert avskrivne frå det tidspunkt det vert sett i drift. I hovudsak følgjer selskapa i konsernet rettleiande avskrivningstider for bransjen – sjå note 8.

Ved verdiendringar som ikkje er forbigåande vert anleggsmidlene nedskreve til verkeleg verdi. Verkeleg verdi er salsverdi fråtrekt kostnader ved avhending eller noverdi av framtidige innbetalingsoverskot. Nedskrivingsvurdering skjer samla for eigendelar i einingar som genererer kontantstraum uavhengig av andre. Tidligare nedskrivningar vert reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lengre er tilstades.

Utviklingskostnader

Utviklingskostnader vert balanseført når det er sannsynleg at disse har framtidig økonomisk verdi.

Felleskontrollert verksemd

Konsernet eig 8,75% av anlegga i Sima. Eigardelen er aktivert i balansen fordelt etter bruttometoden. Produisert kraft, bortsett frå konsesjonskraft, vert disponert direkte. Konsernet sin del av driftsinntekter og drifts-kostnader er tekne inn etter bruttometoden i samsvar med eigardel.

Behaldningar

Oppmagasinert vatn er ikkje ført som lagerbehaldning.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Det vert gjort avsetningar for forventa tap på fordringar.

UTSETT SKATT OG SKATTEKOSTNAD

Alminneleg skatt

Utsett skatt vert berekna med bakgrunn av midlertidige forskjellar

mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier ved utgangen av rekneskapsåret. Ved balanseføring av utsett skatt/utsett skattefordel vert nominell skattesats nytta. Utsett skattefordel oppstår ved forskjellar som gjer opphav til skattemessig frådrag i framtida og vert balanseført når det er sannsynleg at fordelene kan nyttast. Årets skattekostnad i rekneskapsåret inneheld betalbar skatt på årets resultat samt årets endring i utsett skatt.

Grunnrenteskatt

For kraftproduksjonen er det innført ei særskilt skattlegging av inntekter utover normalavkastning. Grunnrenteskatten kjem i tillegg til alminneleg skatt. Skattegrunnlaget er berekna inntekter fråtrekt faktiske driftskostnader, skattemessige avskrivningar og friinntekt (kalkulatorisk avkastning på driftsmidlar). Grunnrenteskatten utgjer 30 % og vert rekna særskilt for kvart kraftverk.

Betalbar grunnrenteskatt vil vera stigande over kraftverket si levetid, i det effekten av friinntekta vert redusert og etterkvart fell vekk ettersom kraftverket vert avskrive.

Utsett skatt / skattefordel på grunnrente er berekna av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier og negativ grunnrenteinntekt til framføring som selskapet forventar å kunne nytte i framtida.

Grunnrenteskattekostnaden består av betalbar grunnrenteskatt og endring i utsett skatt/skattefordel knytt til grunnrenteskatt.

Naturressursskatt

Det skal dessutan for kraftverka betalast ein særskilt naturressursskatt. Naturressursskatten vert rekna ut frå produksjonen for det enkelte kraftverk. Naturressursskatten utgjer 1,3 øre pr. kWh rekna ut frå årleg gjennomsnittsproduksjon for dei siste 7 åra. Naturressursskatten vert motrekna mot fellesskatten av ordinær inntektsskatt.

NOTE 2 TRANSAKSJONER OG MELLOMVÆRENDE MED NÆRSTÅENDE PARTER – DEL 1

MORSELSKAPET

Transaksjonsgruppe	Tilhører resultatlinje	Motpart	Forhold til motparten	2 012	2011
Transaksjonsgruppe 1	Andre driftsinntekter	SKL Prod.	Dotterselskap	19 543	18 887
Transaksjonsgruppe 1	Andre driftsinntekter	SKL Marked	Dotterselskap	8 069	7 922
Transaksjonsgruppe 1	Andre driftsinntekter	SKL Nett	Dotterselskap	16 574	15 605
Transaksjonsgruppe 1	Andre driftskostnader	SKL Prod.	Dotterselskap	1 384	2 389
Transaksjonsgruppe 1	Andre driftskostnader	SKL Marked	Dotterselskap	3 484	3 510
Transaksjonsgruppe 1	Andre driftskostnader	SKL Nett	Dotterselskap	1 022	1 051
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftsinntekter	Haugaland Kraft	Eigarselskap	-	16
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftsinntekter	Finnås Kraftlag	Eigarselskap	-	11
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftsinntekter	Skånevik Ølen Kr.lag	Eigarselskap	-	17
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftsinntekter	BKK	Eigarselskap	42	-
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftsinntekter	Tysnes Kraftlag	Eigarselskap	2	-
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftsinntekter	Fjelberg Kraftlag	Eigarselskap	8	-
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftskostnader	BKK	Eigarselskap	303	286
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftskostnader	Haugaland Kraft	Eigarselskap	4	5
Transaksjonsgruppe 2	Andre driftskostnader	Stord Kommune	Eigarselskap	247	133

Ytterligere forklaring på transaksjoner med nærstående parter:

Transaksjon/transaksjonsgruppe 1: Selskap innan konsernet

Transaksjon/transaksjonsgruppe 2: Eigarselskap

NOTE 2 TRANSAKSJONER OG MELLOMVÆRENDE MED NÆRSTÅENDE PARTER – DEL 2

MELLOMVÆRENDE MED NÆRSTÅENDE PARTER PR 31.12:

Motpart	Forhold til motparten	KUNDEFORDRINGER		ANDRE FORDRINGER	
		2012	2011	2012	2011
SKL Prod.	Dotterselskap	866	857	107 793	293 247
SKL Marked	Dotterselskap	333	281	-	-
SKL Nett	Dotterselskap	796	583	9 271	22 550
Tysnes Kraftlag	Eigarselskap	3			
Akslandselva kraftverk	Eigarselskap	12			
Sum		2 010	1 721	117 064	315 797

Motpart	Forhold til motparten	LEVERANDØRGJELD		LANGSIKTIG FORDRINGAR	
		2012	2011	2012	2011
SKL Prod.	Dotterselskap	-	1 123	1 045 155	643 672
SKL Marked	Dotterselskap	487	222	82 009	75 227
SKL Nett	Dotterselskap	-	-	395 562	292 973
Stord kommune	Eigarselskap	63			
BKK Produksjon	Dotter til eigarselskap	56			
Sum		606	1 345	1 522 726	1 011 872

NOTE 3 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Selskapet nyttar ulike finansielle instrument i styringa av finansiell risiko.

RENTERISIKO

To tilhøve gjev renterisiko for konsernet 1) konsernet har lån med flytande rente, og 2) kapitaldelen for nettverksemda si inntektsramme er eksponert for rentenivået. Desse to tilhøva har motsett eksponering for renteendring. Renteauke vil auke lånekostnaden, men samstundes gi auke i nettinntektene.

Total lånegjeld ved årsskiftet er 1 370 millionar kroner. Kapitalgrunnlaget i 2012 for inntektsramma var 542 millionar kroner.

Det er fastsett rammer for gjennomsnittleg rentebindingsperiodar i låneporteføljen. Låneporteføljen har i dag ein kombinasjon av flytande og fast rentebinding. Selskapet sin rentesensitivitet er tilpassa eit hensiktsmessig sikringsnivå mellom anna ved bruk av renteswapper.

(Alle tall i 1000)

INNGÅTTE RENTEBYTTEAVTALER (RENTESWAPPER) FOR TIDLEGARE LÅNEOPPTAK:

Valuta	Mill. kr	Mottar	Betaler	Siste rentedag	Fastrente
NOK	25,0	flytande	fast	04.06.13	5,26 %
NOK	35,0	flytande	fast	04.06.13	6,06 %
NOK	300.0	flytande	fast	02.01.14	2,68 %
NOK	250.0	flytande	fast	10.11.15	2,19 %

Verkeleg verdi av renteswappar per 31.12.2011: -6,9 millionar kroner

